



## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 13.06.2023  
**Møtestad:** Kommunehuset - kantina  
**Møtetid:** 16:15 - 17:30

Felles orientering om demensplanen for begge råda, frå 16.15, ved kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy og demenskoordinator Åshild Sandvin Olsson.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalseiar

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Hege Ramsland	Varamedlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Anne Hildegunn Færøy, Kristin Nesbø, Åshild Sandvin Olsson

---

Dato 13.06.2023

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Kristin Nesbø  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
014/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/23	Godkjenning av møteprotokoll
016/23	Orienteringssak

## **014/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **13.06.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Møteleiar Odd Øksnes refererte framlegg tl vedtak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedtatt

### **RMNF - 014/23 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **015/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **13.06.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Møteleiar Odd Øksnes refererte framlegg tl vedtak.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedtatt

### **RMNF - 015/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **016/23: Orienteringssak**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

### **13.06.2023 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy og demenskoordinator Åshild Sandvin Olsson orienterte om arbeidet med demensplanen, herunder utfordringsbildet for Austrheim framover med tanke på fleire eldre samanlikna med det totale innbyggjartalet.

Presentasjonane ligg ved protokollen.

Råda får planen tilbake til første møte etter ferien, for ei politisk handsaming og sjanse til å komma med innspel.

Ombygging Årås skule: Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har fått informasjon om at tilrettelegging for funksjonshemma er med i prosjektet, men vil eventuelt også følge opp og sjekke det når prosjektet blir ferdigstilt.

Hege Ramsland som er styreleiar for Austrheim samfunnshus stadfestar at ho har teke opp spørsmål om rampe og oppmerking i styret. Grunna utfordringar økonomisk vert det ikkje gjort noko med det same, men styret vil forsøke å få til noko.

Handikapparkering ved Seniorsenteret skulle vore merka opp på nytt. Møtesekretær melder dette vidare til Teknisk.

Mastrevik Torg. Mange parkerer utanfor merka parkeingsfelt ved sidan av handlevognparkering. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer at feltet vart skravert slik at det ikkje blir parkert der, noko som ville gjere det enklare å rygge ut frå handikapparkeringslassane. Mette Ekornrød tar kontakt med Coop og spør om det er mogleg.

Odd Øksnes påpeikte at på heimesida til kommunen er orda støttekontakt og fritidskontakt brukt om kvarandre. Møtesekretær skal redigere sida og sjå om skjema for søknad om tenesta kan vere meir tilgjengeleg.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne etterspør status på saka med arbeidsleiar på arbeidssenteret og arbeidet med SOR i Arbeid og Inkludering. Møtesekretær etterspør svar til neste møte.

Odd Øksnes orienterte om at arbeidsgruppa som ser på skyss for Aufera skal ha eit møte til før sommaren. Buss med Skyss til Manger kan vere utfordrande med mykje venting, og nokre av arbeidstakarane kjem for seint og må gå for tidleg om dei skal ta buss til Manger. Helge Dyrkolbotn kom med framlegg om at det kan vere enklare å reise via Knarvik til Manger. Ordninga dei har i dag held fram inntil vidare.

#### **RMNF - 016/23 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---